



Svaneparet ventar også på lunsjen

No på skjærtorsdag har påsketrafikken til sjøs av Bergenbåtar teke seg opp for ålvor og det har hyggelege konsekvensar ikkje berre for dei som driv business av ymse slag men også for svaneparet vårt! Då familien Kjøbstad Hellemann inntok lunsjen sin lengst ute på bylgjebrytaren i ettermiddag fekk også fugleparet smake på godsakene,



Dei nyt lunsjen. Frå venstre sit Daniel(6), Monica (44), Kasper (5), Eirik (43), Andre (14), Joakim (17) og Ruben (19) Familien kom i ein 46 fot lang siglar med døypnamnet Monitue og reisemålet var rett og slett Uskedalen som så mange gonger før.

Og dei bobla over av lovord om bygda som dei har vitja jamt og trutt opp gjennom åra. Truleg har dei vore her 20 gonger sidan det første besøket og tre ord går att i lovsongen: **Naturskjønnhet, gjestfrihet og barnevennlighet.**

Andre som bur i Bergen kjem til Uskedalen fordi dei eigentleg er herifrå og gjerne søker heimatt. Ein av dei er Frode Myklebust. Han kom også med sin siglar i ettermiddag og opna opphaldet med straumfylling i båthamna. Det går ekstra mykje straum når det er så kaldt i veret.

Ellers viser det seg at det ikkje berre er ein last med russarar som siglar rundt i området i leigd seglbåt - det er 3! Dei skal ha gjeve uttrykk for at dei treng øving i sjømannskap og har funne ut at Hardangerfjorden er ein framifrå treningsarena. Men no saknar dei kanskje eit vindpust?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Frode Myklebust fyller straum i heimlege farvatn